



ÅLESUND KOMMUNE  
Postboks 1521  
6025 ÅLESUND

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gunnhild Liva Austvoll, 71 25 85 12

## Fleire brot på løyvet for avløpsanlegg i Ålesund kommune

**Ålesund kommune rapporterer kvart år gjennom Altinn for sine avløpsanlegg. Det blir rapportert på kor mykje ein klarar å reinse dei ulike utsleppa. Det har fleire år på rad vore rapportert tal som syner at kommunen ikkje held kravet i løyvet når det gjeld reinsing og prøvetaking for mange av anlegga. Seks av anlegga har inga reinsing.**

Rapporteringa for 2020 syner omtrent det same som rapporteringa for åra 2019, 2018 og 2017. I 2020 var det berre 3 av 17 anlegg som heldt dei utsleppskrava som er gitt i løyvet.

Vi viser også til tidlegare tilbakemeldingar frå Statsforvaltaren på årsrapportering for 2017, 2018 og 2019.

Ålesund kommune har i løyve av 23.8.2016 fått fritak frå sekundærreinskravet. Grunnlag for fritaket er at et ein minst held primærreinskravet som er 50 % fjerning av suspendert stoff (partiklar) eller ein reinsegrad på 20 % BOF<sub>5</sub> (biokjemisk oksygenforbruk etter 5 dagar). For å kunne dokumentere dette, må det takast prøver av inn- og utløpsvatn. Det er sett krav til korleis prøvene skal takast. Ålesund kommune har i dag fritak frå sekundærreinskravet og skal overhalde krava til primærreinsing i forureiningsforskrifta kapittel 14. Primærreinsing er når slampartiklar blir separert frå avløpsvatnet for slik å fjerne ein viss mengde med suspendert stoff (SS) og organisk stoff (BOF<sub>5</sub>). Primærreinsing blir vanlegvis nytta som forbehandling før biologiske og kjemiske prosessar i sekundær- og tertiærreinsanlegg. I visse høve, som i Ålesund, kan det nyttast som einaste reinsemetode når utsleppa går til eit vassområde som har god tilstand (er ein god resipient). Dette krev at resipienten blir overvaka og at den ikkje viser teikn til negativ påverknad.

Vi har her laga ei samla oversikt over dei anlegga der det er krav om rapportering i løyvet. Tala i parentes (pe) syner dimensjonerande kapasitet for reinseanlegga (eller tal på personar som er knytt til anlegga, for dei anlegga som ikkje har reinsing). Samanstillinga viser status for dei ulike reinseanlegga, gruppert etter kor dei slepp ut avløpsvatnet (resipient).



#### Anlegg med utslepp til Hessafjorden

**RA1 Hessa** (5000 pe): eit primærreisanlegg/silanlegg som held krav til tal på prøver og utslepp.

**U2 Sævollen** (77 pe): dette utsleppet er ureinsa og skulle ha vore overført til RA1 Hessa **før 1.1.20.**

#### Anlegg med utslepp til Åspevågen

**U12 Hessa** (100 pe): dette utsleppet er ureinsa og skulle ha vore overført til RA1 Hessa **før 1.1.19.**

**U13 Hessa** (48 pe): dette utsleppet er ureinsa og skulle ha vore overført til RA1 Hessa **før 1.1.18.**

**U14 Kleivane** (40 pe): dette utsleppet er ureinsa og skulle ha vore overført til RA1 Hessa eller RA2 Aspøya **før 1.1.19.**

**U35 Kvenneset** (35 pe): dette utsleppet er ureinsa og skulle ha vore overført til RA2 Aspøya **før 1.1.19.**

#### Anlegg med utslepp til Valderhaugfjorden (Steinvågsundet)

**RA2 Aspøya** (25 000 pe): eit primærreisanlegg/silanlegg som held krav til prøver og BOF, men det er mykje som går i overløp før det kjem fram til anlegget. Siste resipientundersøking syner teikn til ureining.

#### Anlegg med utslepp i Ellingsøyfjorden

**RA3 Larsgården** (8000 pe): eit primærreisanlegg/silanlegg som ikkje held krav til prøvetaking. Dei stikkprøvene som er tatt, held ikkje krava i løyvet. Dette er eit alvorleg brot på løyvet.

**RA5 Breivika** (7000 pe): eit primærreisanlegg/silanlegg som ikkje held krav til prøvetaking. Dei stikkprøvene som er tatt, held ikkje krava i løyvet. Dette er eit alvorleg brot på løyvet.

**RA20 Flatholmen** (500 pe): her er det ein slamavskiljar som ikkje held krav til prøvetaking. Dei stikkprøvene som er tatt, held ikkje krava i løyvet. Dette er eit alvorleg brot på løyvet.

**RA21 Bingsa** (400 pe): ein slamavskiljar som ikkje held krav til prøvetaking. Dei stikkprøvene som er tatt, held ikkje krava i løyvet. Dette er eit alvorleg brot på løyvet.

#### Anlegg med utslepp til Storfjorden

**RA6 Flisnes** (16 500 pe): eit silanlegg som ikkje held krav til prøvetaking. Dei stikkprøvene som er tatt, held ikkje krava i løyvet. Dette er eit alvorleg brot på løyvet.

**RA15 Løvika** (300 pe): ein slamavskiljar der det er ikkje tatt prøver av innløp. Talet på utløpsprøver er heller ikkje i samsvar med kravet. Når det ikkje er tatt både inn- og utløpsprøver, kan ein ikkje berekne reinsegrad. Anlegget har eit alvorleg brot på løyvet.

#### Anlegg med utslepp til Borgundfjorden

**RA18 Borgundgavlen** (100 pe): ein slamavskiljar der det er ikkje tatt prøver av innløp. Talet på utløpsprøver er heller ikkje i samsvar med kravet. Når det ikkje er tatt både inn- og utløpsprøver, kan ein ikkje berekne reinsegrad. Anlegget har eit alvorleg brot på løyvet.

#### Anlegg med utslepp til Åsefjorden

**RA4 Åse** (25 000 pe): eit mekanisk kjemisk reinseanlegg og har strengare krav. Alle prøver er tatt, og anlegget held utsleppskrava.

**U85 Bogneset** (30 pe): dette utsleppet er ureinsa og skulle ha vore overført til RA4 Åse **før 1.1.18.**

#### Anlegg med utslepp til Eidsundet/Åsefjorden

**RA26 Hankane** (300 pe:) dette er eit kjemisk anlegg som har strengare krav enn til primærreinsing. Rapporteringa syner at det ikkje er tatt innløpsprøver, og ein veit difor ikkje om anlegget held kravet. Anlegget har brot på vilkåra for prøvetaking.



Totalt har Ålesund kommune rapportert for 17 anlegg. Av desse er det 3 anlegg som held krav til utslepp. I tillegg er det rapportert om mykje overløp i avløpsnett. Dette betyr at avløpsvatnet ikkje kjem fram til reinseanlegget, men går ureinsa ut i ein resipient. Talet på overløp i Ålesund kommune er høgt. I punkt 2.3.3 i løyvet er det sett krav til utslepp via overløp. Kravet er at samla mengde utslepp via overløp innan 2021 skal vere under 5 %. For å få stadfesta at Ålesund kommune har begynt arbeidet med å få ned mengde vatn i overløp og kan vise at de vil halde kravet, ber vi om at det blir sendt inn årsrapport for 2020, jf. punkt 12.2 i løyvet. Vi har og mottatt klagar på lukt, og ber derfor også om at det blir lagt ved ei utgreiing om korleis kravet med utslepp til luft blir halde.

**Rapporten må vere mottatt seinast 26.03.2021.**

Ålesund kommune har over år levert rapportar som syner ulovlege tilhøve. Statsforvaltaren ser det som svært alvorleg at kommunen ikkje har sett i gang tiltak for å rette opp lovbrota. Vi gjer merksam på at kommunen som den ansvarlege for løyvet, har ein plikt etter forureiningslova § 7 andre ledd til å sette i verk tiltak for å hindre at forureining skjer eller held fram.

Ved å unnlate å rette tilhøva ved dei ulike anlegga bryt kommunen forureiningslova og dei vilkåra som er gitt i løyvet. Kommunen har eit sjølvstendig ansvar for å sørge for at krava i lov og løyve blir haldne.

Vi ser svært alvorleg på den situasjonen Ålesund kommune nå har kome i, der ein ikkje klarar å reinse utsleppa av avløpsvatn. Ålesund kommune har i dag eit fritak frå sekundærreinekravet. Eitt av vilkåra for å gje fritak, er at utsleppa minst går gjennom primærreinsing. Ut i frå det som blir rapportert, overheld ikkje kommunen dette kravet.

Miljødirektoratet har oppmoda statsforvaltarane til å ta i bruk motsegnretten i samband med nye utbyggingsplanar og liknande fram til minimumskravet om primærreinsing blir halde.

Miljødirektoratet skriv dette i brev datert 5.5.2020: «Før tilstrekkelig oppsamlings- og reinseløsning er etablert i tråd med kravene i kap. 14 i forurensningsforskriften, anser Miljødirektoratet at grunnlaget for å utvide utsleppene av avløpsvann fra berørte tettbebyggelser ikke er tilstede. Utbygging av nye bolig- eller hytteområder (> 50 pe) innenfor tettbebyggelsene før dette er på plass, vil dermed være forsettlig brudd på tillatelsene. Opprettelse av nye boligområder i kommunen vil heller ikke være tillatt etter plan- og bygningsloven § 27-2 så lenge bortledning av avløpsvann ikke er sikret og håndtert i samsvar med forurensningsloven.»

Det vart gjennomført tilsyn med kommunen i 2018. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal vil gjennomføre eit nytt tilsyn med Ålesund kommune i 2021.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)  
miljøverndirektør

Christian Dahl  
fagleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Vedlegg:

1 Om primærrensing og overholdelse av frister

Kopi til:

Astrid Eidsvik

Arve Olav Bang

Bjørghild Lervik